

**Bli med til Åkrafjorden!**

11.09.2008

**Uskedelingane vil ha mykje å lære av ein studietur til Åkrafjorden. Det dei har fått til der av truistverksemd er imponerande.**

**Det slår prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling fast og ber interesserte om å bli med på eit turopplegg onsdag 24. september. Han tek i mot innmeldingar..**

Ferda går via Utåker-Skånevik med frammøte på Åkrafjordtunet klokka 16.

Først post på programmet er omvisning i Fjordkultursenteret ved dagleg leiar John Karsten Haustveit.

Så drar gruppa på "Fjordsafari" med ribbåt og lokalguide Nina fortel om historia og høgdepunkt langs Åkrafjorden.

Så går deltakarane i land på Eljervik gard og blir beverta med lokalprodusert spekemat frå Lundal.

Deretter følgjer presentasjon av Åkrafjorden Oppleving og Landskapsparke ved Nina Kaltwasser, som er fungerande prosjektleiar i Åkrafjorden Oppleving og Egil Ørjan Thorsen, som er prosjektleiar for landbruk og reiseliv i Etne kommune.

Heile opplegget tek tre timar og kostar 550 kroner.

Av Ola Matti Mathisen